

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Måløy vgs
Møtedato	23.02.2016
Kl.	10:00 – 14:30

Faste medlemmer til stades:

Karianne Torvanger (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Senea Sabanovic (Ap)
Anders Ryssdal (Sp)
Ole Johnny Stubhaug (Sp)
Sonja Merethe Øvre-Flo (H)
Trude Brosvik (KrF)

Forfall til møtet:

Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Alfred Bjørlo (V)

Varamedlemer til stades:

Daniel Gangeskar (V)

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide
Fylkeshovudtillitsvald Alf Reidar Myrstad

Sekretariat for møtet:

Førstekonsulent Merete H. Nornes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 7.12.15 vart godkjend utan merknader.

Orienteringar frå Måløy vgs:

Innleiing ved Karl Ottar Rundereim:

Kva kjenneteiknar skulen?

Utviklingsplanen for skulen:

[http://www.maloy.vgs.no/cms/maloy/mm.nsf/lupgraphics/Utviklingsplan%202015-2018.pdf/\\$file/Utviklingsplan%202015-2018.pdf](http://www.maloy.vgs.no/cms/maloy/mm.nsf/lupgraphics/Utviklingsplan%202015-2018.pdf/$file/Utviklingsplan%202015-2018.pdf)

Møte med leiing og tillitsvalde.

Tema 1: Gjennomføring v/John Heimvik.

Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?

- Kva er kritiske område?

Tema 2: Den lokale samfunnsrollen v/Karl Ottar Rundereim.

Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?
Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

Møte med elevrådet.

Kva saker arbeider elevrådet med?
Korleis fungerer samarbeidet mellom elevrådet og skulen?

Tema 1: Trivsel

Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

Tema 2: Mestring

Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?
Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

I tillegg til orienteringane var det omvising på skulen.

Orientering om opplæringsfartøy v/Frode Kuppen, styreleiar i Opplæringsfartøy AS

Orienteringar frå fylkesdirektøren:

- ✓ Kompetansebygging, utvikling og rekruttering (KUR) rapport frå 2014 Sunnfjord Næringsutvikling AS
<http://snu.sunnfjord.no/naeringsutvikling/2015/01/29/kompetansebygging-utvikling-og-rekruttering/>
- ✓ Temadag om fag- og yrkesopplæring
- ✓ Kommunereform

SAK 1/16 Skriv og meldingar HO 23.02.2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

Skriv til orientering:

1. Opplæringstilbod til nykomne flyktningar og asylsøkjjarar, brev til kommunane i Sogn og Fjordane datert 18.12.15
2. Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule – endringar i praktiseringa av ordninga, notat frå fylkesdirektøren datert 5.2.16
3. Den gode barnehage- og skuleeigar, program for eit opplærings- og utviklingsprogram for politisk og administrativ leiing. Arrangør: KS, Høgskulen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Merknad:

Hovudutvalet registrerer at samlinga i september kolliderer med den politiske møteplanen og ber om at fylkesdirektøren sjekkar om samlinga kan flyttast.

4. Ny søknad om oppretting av landslinetilbod for skiskyting ved Stryn vidaregåande skule, brev frå fylkesdirektøren til Det Kongelige Kunnskapsdepartementet datert 10.2.16
- 4a. Vedlegg 1 Søknad datert 26.11.15
5. Budsjett 2016 opplæring – disponering av auka budsjettløyving, notat frå fylkesdirektøren datert 5.2.16

6. Rapport frå samanhengande opplæringsløp 1-13 Høyanger kommune, notat frå fylkesdirektøren datert 12.2.16
 - 6a. Vedlegg 1 Rapport Høyangerskolen 1-13
 - 6b. Vedlegg 2 Vedtak frå kommunestyret i Høyanger kommune
7. Svar- kjøp av transport og logistikk Førde, brev frå fylkesdirektøren til opplæringskontoret for transport- og logistikk datert 12.02.16
8. Svar – Gjennomføring av vedtak i Hovudutvalet vedk. tilskot fagbrev 2, brev frå fylkesdirektøren til Opplæringskontoret for elektrofag datert 12.2.16
 - 8a. Vedlegg 1 Retningslinjer for godkjenning av lære/opplæringskontraktar etter vedtak i hovudutvalet for opplæring sak 23/15.
9. Rapport frå styringsdialogen med dei vidaregåande skulane 2015, notat frå fylkesdirektøren datert 15.2.16
10. Søknad om forsøk med nytt valfritt programfag innan studiespesialiserande utdanningsprogram – Klima og miljøfag, brev til utdanningsdirektoratet datert 7.12.15
 - 10a. Vedlegg 1 Læreplan i klima- og miljøfag
 - 10b. Vedlegg 2 Klima- og miljøfag 2 – Kompetansemål/innhald (stikkordskisse)
 - 10c. Vedlegg 3 Budsjett og finansieringsplan for forsøk med klima- og miljøfag
 - 10d. Vedlegg 4 Dokumentasjon på forankring hjå elevrådet ved Firda vgs.
 - 10e. Vedlegg 5 Dokumentasjon på forankring hjå tilsette ved Firda vgs.
 - 10f. Vedlegg 6 Partnerskapsavtalar
11. Søknad om forsøk – melding om forventa saksbehandlingstid, brev frå utdanningsdirektoratet datert 25.01.16
12. Program for betre gjennomføring – søknad om tilskudd over kap. 225, post 60 – Gode psykososiale læringsmiljø, brev frå Nordland fylkeskommune til Kunnskapsdepartementet datert 30.11.15
 - 12a. Vedlegg1 Budsjett for gjennomføringsdelen av prosjektet #Gode psykososiale læringsmiljø reduserer frafall i vidaregåande skole»
 - 12b: Vedlegg 2: Fellessøknad på tilskot til kommunar og fylkeskommunar, kap 226, post 60, brev til Kunnskapsdepartementet datert 26.11.15
 - 12c. Vedlegg 3 Tilbod frå samarbeidande forskningstilbydarar
13. Tilbod per 27.11.15 Gode psykososiale læringsmiljø: Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring. Tiltak og effektevaluering.
14. Kjøp av fag transport og logistikk, brev frå Opplæringskontoret for transport og logistikk datert 17.2.16 (lagt fram i møtet)

SAK 2/16 VIGO IKS - fordeling av kostnader ved utvikling av fagsystem

VEDTAK:

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Selskapsavtalen for VIGO IKS vert vidareført utan endringar.
2. Det vert innført ny modell for fordeling av utviklingskostnader mellom fylkeskommunane. Ny kostnadsfordeling mellom fylkeskommunane vert endra med ei gradvis opptrapping av ny kostnadsfordeling slik det går fram av tabellen under:

Kostnadsgruppe/År	2017	2018	2019
Delast likt	90 %	80 %	70 %
Delast etter elevtal	10 %	20 %	30 %

SAK 3/16 Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016-2017 vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fylkesdirektøren for opplæring får fullmakt til å fordele løyvinga til oppfølging av handlingsprogrammet.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande forslag til endring:

Under satsingsområdet Kvaliteten på opplæring i bedrift – satsingar tiltak Skape møteplassar, vert ordlyden slik:

Fagopplæringsnemnda og hovudutvalet for opplæring møter ulike bransjar i fylket for å drøfte framtidige behov for fagarbeidarar.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren med endringa frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016-2017 vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga, med følgjande endring:
Under satsingsområdet Kvaliteten på opplæring i bedrift – satsingar tiltak Skape møteplassar, vert ordlyden slik:
Fagopplæringsnemnda og hovudutvalet for opplæring møter ulike bransjar i fylket for å drøfte framtidige behov for fagarbeidarar.
2. Fylkesdirektøren for opplæring får fullmakt til å fordele løyvinga til oppfølging av handlingsprogrammet.

SAK 4/16 Høyring - delrapport Karriereveiledning i en digital verden

VEDTAK:

1. Forslaget om at nettstaden skal ha ei brei målgruppe:
Hovudutvalet for opplæring støttar delrapporten sitt forslag om at nettstaden skal ha heile befolkninga som målgruppe. Den digitale rettleiinga må likevel ikkje erstatte fysiske rettleiingsmøte t.d. i skule og karrieresentre, men vere eit supplement til denne.

2. Forslaget om og innretninga av offentlig finansiert og drifta nettbasert karriererettleiing, såkalla e-rettleiing:
Hovudutvalet for opplæring støttar at nettstaden og e-rettleiingstenesta skal vere integrert i eit samla karriererettleiingstilbod med Kunnskapsdepartementet som eigar. Drifta vert lagt til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Difi har ansvar for digitalisering av offentlege tenester, forvaltning og utvikling av fellesløysingar. Dei fylkesvise karrieresentra må få ei sentral rolle i e-rettleiinga for å skape ei heilskapleg karriererettleiingsteneste.

3. Nettstaden si innretning og innhald – òg delinga mellom informasjon og sjølvhjelpsressursar. Hovudutvalet for opplæring støttar utvalet si anbefaling om ei tredeling av innhaldet:
 - Informasjon
 - Sjølvhjelpsressursar
 - E-rettleiingPrinsippet om «ei-dør-inn» må takast vare på, og det må samarbeidast på tvers av etatar for å sikre eit kvalitativt godt innhald.

4. Grenseflatene mellom den anbefalte løysinga og andre aktørar sine tilbod, som nav.no. Hovudutvalet for opplæring støttar delrapporten sine anbefalingar om klare linjer for ansvarsdeling mellom aktørane.

5. Dei organisatoriske og forvaltningsmessige anbefalingane
Hovudutvalet for opplæring støttar at Kunnskapsdepartementet vert eigar av nettstaden og e-rettleiingstilbodet. Det er vidare avgjerande at det vert tilført friske midlar til e-rettleiingstenesta, og at ho ikkje vert finansiert ved å disponere om på midlane til den eksisterande karriererettleiingstenesta.
Hovudutval for opplæring meiner at Difi vert ansvarleg for drift av nettstaden, men ein større del av årsverka må bli lagt til fylka og til karrieretenesta.
